Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18. Jûletre og jûlehalm). Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Nedstrand

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: A. Kûsland. Gard:

(adresse) Kusland, Vågsvåg. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursmaal 1:

Jûletreet er no til dags alminnelig i bygda.

Spûrsmaal 2:

I min heim vart det brukt fyrste gongen jûla 1904 men elles kan ein seia at det var tekë i bruk sume stader fôr og andre stader seinare. Det var av og til i bruk ogsaa litt fôr 1900 talet.

Spûrsmaal 3:

Nei jûletreet var ikkje teke i bruk i kyrkja eller paa festar fôr den tid det var kome inn i heimane. Det vart seinare vanlegt paa jûlefestar og ein sjeldan gong av og til i kyrkja men det er berre sjeldan.

Det er særleg paa skoleborna sine jûle-festar og paa ungdomane sine jûlefestar at jûletreet er aarvisst. Elles kan det ymse noko.

Spursmaal 4:

Det er slett ikkje noko vanlegt med aa pynta ût med grônt eller papirpynt. Det maa ein rettast seia er berre undantak.

Spûrsmaal 5:

Her det heilar har det ikkje noko med jûletreet aa gjera. Men slik pynting er svært sjeldan.

4131

2

Spursmaal 6:

I heimane kan ein narmast rekna med at treet er fraa 1 m. til 1.25 högt, dersom det staar paa golvet. Men staar det paa eit bord er det berre omtrent halv meteren högt. I festrom elles er det mykje större opptil 2 m. og av og til meir til.

Spursmaal 7:

Det kan verta pynta paa ulik vis. Men ljos er der altid paa. Likeins norske flagg oftast paa ei snor (berre papirflagg) Saa er det vanleg med stjerner og med glitter. Oftast ogsaa bomull. Vidare kan det pynta med papirkorger, kunstige frukter o.a.

Spursmaal 8:

Det kan vera dei vaksne borna i huset som pyntar. Men ogsaa husmora eller far sjölv i stova – her er ikkje nokon fast regel i saa maate.
Paa skulefestane er det borna i större klassa som staar for pyntinga. Lærarar og lærarinna er helst aatskuarar.

Spursmaal 9:

Er det eit lite tre som oftast vert bruka der berre vaksne er, saa staar treet paa eit bord. Men er der born i huset saa staar treet til vanleg fritt på golvet.

Spursmaal 10:

Ljosa vert tendt om juleafta helst ein gang men ogsaa fleire gonger etter som der vert gjenge lenge kring treet med mykje song. Saa kan ljosa ogsaa verta tendt juledagskvelden. Ogsaa andre dagar i jula og nyaarsafta, særleg om innbudne gjester har born med seg.

4131

Spursmaal 11:
Stelt naar der er born i huset gaar dei rundt treet og syng dei vanlige jule-salmer, som staar i salmeboka og jule-songar, som staar i songhefta.
Ogsaa om det er berre vaksne kan det treffa seg at dei gaar kring treet ei kortare tid og syng; men det er ikkje aalment.

Spursmaal 12:
Juletreet kan verta staande inn til trettendagen. Men det hender rakkens at det staar lenger.

Spursmaal 13:
Ja borna faar lov å hausta treet, der det er staande varor på treet. Men det er ikkje alle stader dei brukar aa henga staande saker paa treet. Det er ikkje nokon bestemt dag hauslingi av treet vart gjort det eg veit um.

Spursmaal 14:
Det er mest gran som vert nytta til juletre no, men ogsaa furu, og sume fan stader kan dei ha kristtorn.
Det treffer ogsaa men berre sjeldan, at dei tek inn treet med rot og set det opp i ein balje paa golvet. Naar saa jula er over saa planta dei treet ut paa plass att. Og det plar gaa godt, slik at treet ikkje daua.

Spursmaal 15:
Vi her lagar dei ikkje juletre av noko slag surrogater. Har dei ikkje treslaga sjølv faar dei av andre som har.

4131

Spursmaal 16:

Nei eg har ikkje kjendskap til at her vert sett opp juletre utanfor huset. Juleneget har ein i eit tre, over eit gjerde eller kanskje ogsaa festa til flaggstange.

Spursmaal 1. paa nytt:

Nei halm veit eg ikkje om at nokon her har brukt å ha paa golvet om juleafta. ¹)

Spursmaal 2:

Fell burt etter svaret ovanfor

Spursmaal 3:

Likeeins.

Spursmaal 4:

Likeeins.

¹) Fleire gamle eg har tala med kan ikkje seia noko sikkert om, at dei i vaar bygd brukte halm paa golvet juleafta. Men ein av dei fortalde, at han visste om ein gard i nabobygda (Vatsherad) der dei tok inn halm juleafta og breidde den ut over golvet til pynt. (Dette fortalde gardbr. og fiskar K. V. K. K. Vatsvaag, Vatsendvik. Han er kring 75 aar gamall.)

4131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING